

Nytt firma på Børnes skal bistå småkraftverk

08.12.2009



Knut Berge Eik håpar på fem tilsette før utgangen av 2011. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Knut Berge Eik har saman med Kvinnherad Byggutvikling AS nyleg starta firmaet Turbinservice AS. Det har tilhald i lokala til Kvinnherad Byggutvikling på Børnes.**  
**Firmaet ynskjer å samarbeida med alle småkraftleverandørar og småkrafteigarar i landet.**  
**Dette er ein bransje i sterkt ekspansjon og Eik held fram at firmaet difor har eit enormt kundepotensiale og svært gode kriteriar for vekst. Målsetjinga er fem tilsette før utgangen av 2011, opplyser han til Kvinnheringen.**

Eik jobba tidlegare som servicemekanikar i ei lokal bedrift som er total-leverandør av småkraftverk. Han oppdaga etter kvart eit behov for ei servicebedrift som kan tilby småkraftleverandørar og kraftverkseigarar tenester innan elektrisk og mekanisk installasjon.

Då han så vart arbeidslaus grunna nedskjeringar kontakta han Lars Lidvard Øyjord i elektrofirmaet Kvinnherad Byggutvikling AS. Han hadde gått med dei same tankar som Eik. Etter ein del marknadsundersøkingar med positive tilbakemeldingar vart så det nye firmaet skipa.

Kvinnherad Byggutvikling med sine fem tilsette har solid røynsle med elektroinstallasjon i småkraftverk. Eik sjølv har fagbrev både som bilmekanikar og landbruksmekanikar, teknisk fagskule og lang røynsle i mekanikarfaget, mellom anna med mekanisk installasjon i småkraftverk.

Det nye firmaet skal samarbeida med småkraftleverandørar og småkrafteigarar og mellom anna tilby bygging av kontrolltavler, komplett elektromekanisk installasjon, prosjektenester og i tillegg service og vedlikehald. På denne måten kan Turbinservice vera med og løysa eit bemanningsproblem for leverandørane. Både marknaden og salet deira varierer mykje og det gjer det vanskeleg å bemanna i alle ledd utan at det i periodar vert kostbar daudtid.

På landsbasis er det i dag 1.500 småkraftverk i drift og heile tida er det nye under arbeid eller under planlegging. Berre i vår kommune er 23 no i drift. Når det no vert innført grøne sertifikat og ein i tillegg ser at linjeproblematikken blir teken på alvor, er Eik overtydd om at marknaden er veldig stor.

Han opplyser at det nye firmaet allereie har fått sin første samarbeidsavtale i boks - med Marintech Energy AS. Han håpar å få fleire avtalar på plass om ikkje så veldig lenge. Målsetjinga er å tilsetja ein mann til i 2010 og at firmaet vil veksa til fem tilsette før utgangen av 2011.